



## Møtereferat

**Utval:** Fitjar sokneråd  
**Møtestad:** Kommunestyresalen  
**Dato:** Torsdag 31.03.2022  
**Tid:** Kl. 18.30  
**Ord for dagen:** Aase

### Desse var til stades i møtet:

Svein Lunde	leiar	X
Wenche Andersen Helland	nestleiar	X
Sigrid Marie Fangel	skrivar	X
Tom Rydland	medlem	Meldt forfall
Anne Marie Røed	medlem	X
Herman Inge Aadland	medlem	X
Håkon Rydland Sæbø	medlem	Meldt forfall
Aase Rygg H. Nøttveit	medlem	X
Roald Drønen	sokneprest	X
Sigurd Andre Maraas	kommunal representant	Meldt forfall
Jostein Skram	1. vara	
Karin Maria Korsvik	2. vara	X
Magnor Tverderøy	3. vara	
Hilda Gloppen	4. vara	
Jan Ottar Wiik	5. vara	
Svein Arne Theodorsen	vara for sokneprest	
Jan Overweg	kyrkjeverje	X

Fitjar, 05.04.2022

Svein Lunde  
soknerådsleiar

Jan Overweg  
kyrkjeverje

Sigrid Fangel  
referent

## Sakliste:

SAK	ARKIVKODE	TITTEL	KOMM REPR
2022/21	012.1	Godkjenning av innkalling og sakliste	x
2022/22	012.1	Godkjenning av møtereferat frå soknerådsmøte 17.02.2022	x
2022/23		Orientering frå kyrkjeverja om arbeidet i soknet	x
2022/24		Utlysing av soknepreststillinga – forslag til utlysingstekst	
2022/25		Strategidokument – vedtak av strategien for inneverande periode	x
2022/26		Oppussing av sakristia	x
2022/27		Årsrapport 2021 og årsmøte	x
2022/28		Kyrkjevertar ved konfirmasjonsgudstenestene	
2022/29		Økonomisk støtte til skihelg i regi av Tentreff	
2022/30		Meldingar / open post	

### **Sak 2022/21 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste**

#### **Vedtak:**

Innkalling og saklister er godkjent. Soknerådet godkjenner tillegg til sak 29

### **Sak 2022/22 012.1 Referat frå sist møte**

#### **Vedtak:**

Soknerådet stadfester referat frå møtet den 17. februar 2022.

### **Sak 2022/23 Orientering frå kyrkjeverja om arbeidet i soknet**

Kyrkjeverje la fram ei orientering om arbeidet i soknet.

Det har vore tre gravferder og ei urnenedsetting sidan siste soknerådsmøte.

Tårnagenthelg, Tentreff, Vidare og Babysong er gjennomført.

Likeeins påskevandringar for dei eldste borna i alle fire barnehagane i Fitjar.

Det har vore undervisning og skidag for konfirmantane.

Temakveldane er i rute, det same gjeld Open kyrkje ein kveld i månaden.

Arbeidsgruppa for Bygg/anlegg har hatt møte og det er lagt planar for nødvendig arbeid med vedlikehald av kyrkjebygg og –gard. Ein ser føre seg at det vert dugnad i juni måned. Kyrkjeverja melder at det er trong for ein 15 m høg lift.

Oppussinga i sakristiet er godt i gong.

Det er kome opp informasjonstavler til den faste utstillinga på galleriet.

Kyrkjevera, soknepresten og leiar i Diakoniutvalet har hatt møte med etatssjef Anne Økland om kva kyrkja kan bidra med når det er venta 35 flyktingar frå Ukraina til Fitjar. Ønskjesalmekveld er under planlegging.

Roald orienterte om at 55 personar er påmelde til weekend på Helgatun 1.-3. april. Han fortalde også at Laila Hansen Røksund kjem til å ha gudstenester i Fitjar kyrkje i påska. Nytt kyrkjeblad kjem ut til påske. Det er planlagt ein «happening» for konfirmantane med pizza i kyrkja etter samtalegudstenesta. Det vert ikkje konfirmantfest på bedehuset slik det var vanleg tidlegare.

**Vedtak:**

Soknerådet tek orienteringa til vitande.

**Sak 2022/24 Utlysing av soknepreststillinga – forslag til utlysingstekst**

Soknerådet er utfordra til å koma med innspel / forslag til utlysingstekst. Medlemer har fått høve til innspel til redaksjonskomiteen. Komiteen har lagt fram forslag til tekst som no er handsama i AU. Her er det gjort nokre små justeringar. Bispedømet har ansvaret for utlysinga og denne teksten må difor sjåast som vårt forslag.

**Vedtak:**

Etter drøftingar i møtet er soknerådet einige om at ein sender forslag til utlysingsteksten, slik den ligg føre i møtet, tenesteveg til prosten i Sunnhordland.

**Sak 2022/25 Strategidokument – vedtak av strategien for inneverande periode**

Strategigruppa har no slutført sitt arbeid med strategidokument for kyrkja i Fitjar. Strategien er tidlegare presentert for soknerådet (jfr sak 2021/76) og drøfta i eit fellesmøte med staben 27.01.2022. Arbeidet med organisasjonskartet bør halda fram og det er naturleg at strategigruppa arbeidar vidare med dette og får mandat frå soknerådet.

**Vedtak:**

Soknerådet takkar strategigruppa for godt arbeid og vedtek dette som strategien for inneverande periode.

**Vidare arbeid med implementeringa av strategien**

Gruppa får mandat til vidare arbeid med organisasjonskartet, og at dei gjev kort orientering om dette i soknerådsmøta fram mot ferien. Vidare vert strategigruppa oppmoda til å laga eit framlegg som kan danna grunnlag for eit arbeidsseminar med sokneråd og tilsette etter ferien.

Soknerådet tek initiativ til at Magne Supphellen blir spurd om han kan delta på arbeidsseminaret. Likeeins vonar soknerådet at prosessen med tilsetting av ny sokneprest er kome så langt at presten kan bli invitert med på arbeidsseminaret.

**Sak 2022/26 Oppussing av sakristia**

Kyrkjeverje orienterer om arbeidet som er i gang. Det vil også bli lagt fram kostnadsoverslag og forslag til fordeling av utgiftene.

**Vedtak:**

Soknerådet takkar for det gode arbeidet som er utført, og gler seg over resultatet av oppussinga. Kostnad ut over tilskotet frå kyrkjeringen vert belasta vedlikehaldsbudsjettet.

**Sak 2022/27 Årsrapport 2021 og årsmøte**

Årsmøte vert søndag 15. mai etter gudstenesta. Årsrapport vert lagt fram for godkjenning i soknerådsmøtet 21. april. Kyrkjeverje orienterer om arbeidet og tek imot innspel.

**Vedtak:**

Soknerådet tek orienteringa til vitande. Råutkast til årsrapporten vert sendt ut til medlemene for uttale, slik at årsrapporten kan ferdigstillast fram mot, og godkjennast i neste soknerådsmøte.

Soknerådsleiar planlegg ei innleiing på årsmøtet der han orienterer om korleis merknadene som kom fram på førre årsmøte, er følgt opp.

Det kjem ein ny post i årsmeldinga med orientering frå soknerådet.

**Sak 2022/28 Kyrkjevertar ved konfirmasjonsgudstenestene**

Tidlegare år har medlemmer i soknerådet blitt utfordra til å vera kyrkjevert ved konfirmasjonsgudstenestene. Det vert konfirmasjon i Fitjar kyrkje laurdag 7. mai kl.11.00 og 13.00 og søndag 8. mai kl.10.00 og 12.00. Er det råd til å få dette til i år?

Dette er ikkje ei sak som krev vedtak, men einskildmedlemmer i soknerådet stiller seg positive og melder seg til teneste.

**Sak 2022/29 Økonomisk støtte til skihelg i regi av Tentreff**

Tentreff inviterer ungdomar til skihelg 22.-24.april og søker soknerådet til å dekkje halve kosten for transport, mat og overnatting på Korlebu på Seljestad. Sjå vedlagt budsjett. Soknerådet gjorde i november 2021 vedtak om å sponsa KRIK til tilsvarande tur, men den turen blei avlyst og beløpet står framleis på konto til soknerådet.

**Vedtak:**

Soknerådet ser svært positiv på tiltaket og gjev tilskot tilsvarande 50% av utgifter slik det går fram av budsjett for arrangementet.

**Sak 2022/30 Meldingar / open post**

Spørsmål frå Anne Marie om ein ynskjer å gje høyringssvar som gjeld trusopplæring.

Soknerådet oppmodar trusopplæringsutvalet til å vurdere å gje kommentar innan fristen 1.6. med kopi til soknerådet

Anne Marie orienterte også om webinar om flyktingar 4.4. Jan sender lenkje slik at dei som ynskjer/har høve kan ta del.

Karin delte bilete av albertavle frå Jondal, som liknar på «vår» gamle. Jan delte bilete frå Fjelberg som også liknar. Det vert arbeid vidare med å finna eit bilete/maleri som kan passa inne i den gamle albertavla.